



Framlegg til

REGULERINGSPLAN FOR FEDJE VINDKRAFTANLEGG

PLANSKILDRING

1. Bakgrunn for planframlegget
2. Gjeldande planar
3. Førehandskunngjering med merknader
4. Skildring av planområdet
5. Skildring av planframlegget
6. Konsekvensar av planframlegget

Utkast til reguleringsplan er utarbeidd av Multiconsult AS på Vestavind Kraft AS sine vegner

1. BAKGRUNN FOR PLANFRAMLEGGET

Norske styresmakter har dei siste åra gjeve uttrykk for eit ynskje om auka satsing på fornybare energikjelder for å betre kraftbalansen her i landet. Av dei fornybare kjeldene er vindkraft vurdert til å vere mellom dei mest økonomisk interessante, med eit stort utbyggingspotensiale i Noreg. I Stortingsmelding 29 (1998-99) var det sett som mål å bygge ut ein produksjonskapasitet basert på vindkraft på 3 TWh/år innan 2010. I juni 2006 presenterte Regjeringa eit nytt samla måltal på 30 TWh auka fornybar energiproduksjon og energieffektivisering i 2016 samanlikna med 2001. Utbygging av vindkraft vil vera eit viktig tiltak for å nå dette målet.

Vestavind Kraft AS ynskjer å vere ein aktør i utbygginga av ny fornybar energi i Noreg og vil med dette søke om konsesjon for ein vindkraftanlegg på Fedje i Hordaland.

Fedje kommune har invitert Vestavind Kraft AS til å utvikle vindkraftplanar. Det er halde samrådsmøte mellom kommunen, berørte grunneigarar og Vestavind Kraft AS. Grunneigarane er i hovudsak positive til planane.

I fylkesdelplanen for vindkraft i Hordaland er det ei målsetjing med "tilgang på rein energi utan skadelege utslepp og negative effektar på miljøet". Fylkeskommunen har vidare eit mål om at det skal "byggjast ut vindkraft i Hordaland" og "areal med godt energipotensial og lågt konfliktnivå skal prioriterast."

I og med at prosjektet er på mindre enn 10 MW, er det ikkje førehandsmeldt og det vert ikkje fastlagt noko eige konsekvensutgreiingsprogram etter plan- og bygningslova. Konsekvensane av vindkraftutbygginga er vurdert i ein eigen rapport Miljøvurdering (September 2007).

Multiconsult AS har utarbeidd framlegg til reguleringsplan og Miljøvurdering.

2. GJELDANDE PLANAR

Området er vist som LNF-område i Kommuneplan for Fedje kommune 2000 – 2012. Kommuneplanen er vedteken i kommunestyremøte 14.12.00 (Sak 75/00).

Planen grensar mot ein godkjend reguleringsplan for Stormark, Fedje kommune, gnr. 172, bnr. 4, 19 og 78. Denne planen gjeld område regulert til fritidshus og inneheld del av tilkomstveg frå vindturbinekraftanlegg og fram til fylkesveg.

Området er elles uregulert.

3. FØREHANDSKUNNGJERING

Planarbeidet blei kunngjort i avisene Nordhordland og Strilen den 07.07.2007, og varslingsbrev blei sendt til partane dette vedkjem, offentlege organ, organisasjonar og grunneigarar. Frist for å komme med merknader blei sett til 15.08.2007.

Etter prosjektering av tilkomstveg til vindturbinane var det nødvendig å varsle dei grunneigarane som blir berørt av vegen. Desse grunneigarane fekk frist til å komme med merknader innan 19.09.2007.

Det har kome inn fem merknader frå offentlege organ/interesseorganisasjonar og ein merknad frå privat grunneigar.

3.1 Innkomne merknader (offentlege)

Resymé av innkomne merknader frå offentlige organ/interesseorganisasjonar og Vestavind Kraft AS sine kommentarar.

Forsvarsbygg, datert 02.08.07.

Ingen merknadar til planen, men Forsvarsbygg vil vere høringsinstans i NVE si konsesjonshandsaming.

Vestavind Kraft sin kommentar:

Innspelet vert teke til etterretning.

Kystverket, datert 10.08.07.

Kystverket viser til trafikksentralen som er plassert i nærleiken av det planlagde vindkraftanlegget. Frå trafikksentralen overvaker Kystverket i hovudsak skipstrafikken til og frå anlegga på Mongstad og Sture. Dei føreset at vindturbinane ikkje vil få nokon innverknad på radarsignala.

Kystverket viser vidare til at det i ein KU bør vurderast om vindkraftanlegget vil få nokon innverknad på eller forringe radarsignala frå x-band radar (øvste antenne, 50 kw), eller s-band radar (30 kw) montert i radarmast ved Fedje trafikksentral.

Vestavind Kraft sin kommentar:

I fylgje Norvald Kjerstad ved Høgskulen i Ålesund er det lite sannsynleg at den planlagde utbygginga vil få nokon praktisk konsekvens for trafikkstasjonen. På avstandane det er snakk om på Fedje vil visuell navigasjon og søk, eventuelt med lyskastar eller liknande, vere langt betre enn bruk av radar. På dei avstandane og med det utstyret det er snakk om vil det ikkje vere problem med radarskugge bak vindturbinane. (Sjå "Miljøvurdering" for meir utfyllande svar.)

Hordaland fylkeskommune, datert 15.08.07.

Fylkeskommunen (HFK) har i sin høringsuttale poengtert at oppstartsmeldingar som kjem direkte frå private utbyggjarar ikkje blir vurdert ut frå andre regionale interesser enn kulturminne. HFK er også generelt skeptisk til planlegging av vindparkar i strid med overordna plan. HFK ønskjer at tiltakshavar nøye vurderer regional arealpolitikk slik den går fram av fylkesplanen og fylkesdelplanar, og gjer merksam på at ein vil leggje vekt på arealpolitikken og dei fylkespolitiske retningslinene, og at HFK eventuelt kan fremja motsegn på grunnlag av desse i samband med høyring av eit planforslag.

Vidare legg Fylkeskommunen vekt på at Fylkesdelplanen for energi og Fylkesdelplanen for vindkraft skal vere retningsgjevande for etablering av vindkraftanlegg i Hordaland. Det vert føresett at dei fylkespolitiske retningslinene vert lagt til grunn i den vidare planlegginga av vindkraftanlegget på Fedje.

Når det gjeld kulturminne/kulturmiljø minner seksjon for kulturminnevern og museum om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Fylkeskommunen ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Det er viktig å få fram steingardar, gamle ferdselsårar, utmarksminne, teknisk kulturminne, kulturlandskap m.m. HFK ber vidare om at konsekvensane for Hellesøy fyr vert utgreia.

Delar av planområdet ligg i ei høgd over havet med særskild potensial for funn frå steinalder slik at det må påreknast ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta jfr. Kulturminneloven § 9.

Hordaland fylkeskommune viser òg til at dersom planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, må planane reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde.

Vestavind Kraft AS sin kommentar:

I følgje Fylkesdelplanen for ynskjer ein utbygging av vindkraft i Hordaland, og 300GWh skal produserast frå vindkraft i 2010. Planen set også som mål at areal med godt energipotensial og lågt konfliktnivå skal prioriterast. Vindkraftplanane på Fedje er utarbeidde etter initiativ frå Fedje kommune.

I Miljøvurderinga er det vist ein fotomontasje av vindkraftanlegget sett frå Hellesøy fyr (figur 12). Elles er forholdet til kulturminna i området nærare omtala og visualisert i miljørapporten. Krav om undersøking etter Kulturminnelova § 9 ver teke til etterretning.

Fylkesmannen i Hordaland, areal og landskap, datert 03.01.06.

Leiar for areal og landskap viser til at miljøvurderinga må innehalde vurderingar vedrørande konsekvensar for landbruksareal som dyrka mark, beite- og utmarksressursar.

Vestavind Kraft AS sin kommentar:

Miljøvurderinga omhandlar mellom anna konsekvensar for landbruk. Med tanke på landbruket sitt ressursgrunnlag er utbygginga vurdert å ha ubetydeleg / ingen konsekvens.

Avinor, datert 06.08.07.

Avinor ber om at eventuell påverknad frå vindkraftanlegget for luftfart og tilhøyrande installasjonar vert vurdert. Avinor er spesielt opptekne av forholdet til:

- Omkringliggjande radaranlegg, navigasjonsanlegg og kommunikasjonsanlegg for luftfarten.
- Instrumentflyprosedyrar i tilknytning til inn-/utflyging til dei næraste lufthamnene.
- Spesielle krav til merking.
- Lågtflygande fly og/eller helikopter.

Vestavind Kraft AS sin kommentar:

Det ligg ein helikopterlandingsplass på Fedje med inntil 2-3 avgangar og landingar dagleg.

Landingsplassen ligg ca. 1200 meter frå næraste vindturbin og Avinor har sagt over telefon at ein reknar med at det ikkje er konflikt mellom vindkraftanlegget og innflygingsflatene, ref. Føresegner for Sivil Luftfart, BSL E (hinder). Tiltaket må likevel vurderast.

Sidan vindkraftanlegget er på under 10 MW, vil det være Avinor sjølv som vurderar tiltaket etter retningsliner frå Luftfartstilsynet.

Ein ber om at omkringliggjande radaranlegg, navigasjonsanlegg og kommunikasjonsanlegg for luftfart samt instrumentflyprosedyrar i tilknytning til inn-/utflyging til dei næraste lufthamnene vert vurdert av Avinor. Behov for spesiell merking bes vurdert av Luftfartstilsynet via Avinor, og i tillegg at lågtflygande fly og/eller helikopter kartleggast av aktuelle flyselskap via Avinor.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, datert 05.09.07.

Fylkesmannen i Hordaland vil i sin høyringsuttale oppmode om at det vert starta eit planarbeid med KU og planprogram trass i at vindkraftanlegget er på mindre enn 10 MW. Vidare vil dei oppmode om å ta kontakt med kommunen for nærare vurdering av kva for plansaksgang som er mest føremålstenleg då dette er eit prosjekt som krev store inngrep og som bør ha ein brei og open planprosess.

Fylkesmannen gjer merksam på at planområdet ligg innanfor eit samanhengande kystlyngheiomsråde som er ein viktig naturtype i nasjonal samanheng og det er registrert hekkeområde for grågås og vadefugl. I tillegg kjem planområdet i konflikt med INON-området 1-3 km frå næraste tyngre tekniske inngrep. Det er avgjerande at konsekvensar på landskapet vert særleg undersøkt og visualisert med fotoliknande teknikkar.

Vestavind Kraft AS sin kommentar:

Prosjektet er utvikla i tett dialog med kommunen.

Prosjektet med vindturbinar på mindre enn 10 MW krev ikkje konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Det er utarbeidd ei miljøvurdering som skal oppfylle krava som Norges vassdrags- og Energidirektorat (NVE) set til utgreiing av vindkraftverk under 10 MW. Konsekvensar på landskapet er vurdert i denne rapporten og det er utarbeidd fleire fotomontasjar som viser korleis vindkraftanlegget vil framstå i landskapet. Oppmodinga om å ha ein brei og open plansaksgang vert teken til etterretning.

3.2 Innkomne merknader (private):

Resymé av innkomne merknader frå privat grunneigar og Vestavind Kraft AS sine kommentarar.

Grunneigar Olivia Langedal, datert 12.08.07.

Grunneigar meiner at lite er klarlagt frå prosjektet si side. Ho ynskjer at enkelte faktorar blir grundigare belyst i det vidare planarbeidet. Dette gjeld ei meir nøyaktig plassering av og tal på vindturbiner, val av vegtrasè, påverknad på fauna (spesielt fugl), støysonar ved ulike vindretningar og eventuelle restriksjonar på ferdsel i terrenget eller annan utbyggingsaktivitet. I tillegg ynskjer ho betre informasjon om planlagt driftstid og prosess i forhold til grunneigarar for eventuell forlenging av denne.

Vestavind Kraft AS sin kommentar:

Påverknad på fauna, støysoner, ferdsel o.l. og planlagt driftstid er vurdert og beskrive i miljørapporten og konsesjonssøknaden. Ved varsling av oppstart av reguleringsplan er det ikkje vanleg å gje noko meir detaljert skildring av planområdet enn ei planavgrensing. Etter fyrstegongs handsaming hos kommunen vert reguleringsplanen lagt ut på høyring. Då vil alle berørte partar og dei som har kome med merknadar få tilsendt den detaljerte planen med talet på og posisjonar for vindturbinar, samt vegtrasè. Alle vil då få høve til å uttale seg.

4. SKILDRING AV PLANOMRÅDET

Fedje har hatt nokre av dei flottaste lyngheiane og teppemyrane i Hordaland. Naturleg tilvekst av rogn, bjørk og osp vil etter kvart ta over for lyngheia, men denne prosessen vil ta tid i det klimaet som rår på Fedje. Fedje si plassering ute i havgapet har gjort at øya har den beste lokaliteten i Hordaland for å finne sjeldne trekkfuglar.

Det "beste" attverande lyngheiområdet på hovudøya i Fedje ligg på vestsida. Her går det eit belte på omlag 500 meters breidde frå kystlinja og innover øya. Terrenget er svært kupert med knausar og bergskører, delvis samanbunde med torvjord som kan vere terrengdekkande. Mosaikken av lynghei og myr er karakteristisk, og inn mot den sentrale delen av Fedje blir det gradvis høgare torvdekning. Lyngheia på vestre Fedje er i best tilstand på dei mange eksponerte knausane.

Området som skal regulerast ligg lengst vest på Stormark i Fedje. Tiltaksområdet består utelukkande av knausar og lynghei med noko myr innimellom. Dei klimatiske tilhøva og mangelen på jordsmonn innanfor planområdet for vindkraftanlegget gjer at dette området vert rekna som uproduktivt med tanke på jord- og skogbruk. Sauebeiting har vore med på å halde lyngheia i god stand, men det er ikkje lenger beitedyr i området.

Lyd-/støyforholda i området, slik det er i dag, ber preg av at det er få eksisterande støykjelder av vesentleg betydning. Bakgrunnsstøy frå naturen i form av vind og støy frå bølger som bryt mot land er den mest dominerande "støykjelda" i området.

Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet for vindkraftanlegget. Sjølve vindkraftanleggområdet er vurdert å ha eit visst potensial med tanke på funn av steinalderbustader. Kulturminnemyndigheitene (Hordaland Fylkeskommune) vil vurdere behovet for §9-undersøkingar i samband med høyringa av konsesjonssøknaden.

Innanfor nærområdet til vindkraftanlegget er det i tillegg to område som er verna etter naturvernlova, nærmare bestemt Fedjemyrane naturreservat og Sekkedalstjørn naturreservat.

Det er lagt til rette for ein turtrasé – Nordsjøløypa. Denne går gjennom planområdet. Nordsjøløypa går frå Sveio (Nord-Rogaland) i sør til Fedje i nord.

Sjå elles rapporten Miljøvurdering for ei nærare omtale av området.

5. SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

Planområdet er på ca. 367 daa. Det vert gjort framlegg om å regulere området til spesialområde (område for vindkraft), samt privat veg og LNF-område (eksisterande regulering).

Reguleringsplanen legg opp til at det vert etablert tre vindturbinar à 2,5 MW. I tillegg vert det lagt til rette for intern infrastruktur (vegar og jordkablar) mellom vindturbinane, tilkomstveg til vindkraftanlegget, samt jordkabel i grøft langs vegen mellom vindkraftanlegget og eksisterande transformatorstasjon nord på øya.

Vindturbinane på Fedje vil bli plassert ca. 30 meter over havet heilt ytst på kysten. Sjølve tårnet vil ha ei høgde på 80 meter. Planane syner turbinar med tre blad med ei lengde på 38,8 meter. Diameter på rotoren blir då til saman 80 meter. Vindturbinane, inkl. tårn og rotor, vil ha ei total høgde på 120 m.

5.1 Tilkomst til vindturbinane

Tilkomstvegen til vindturbinane startar på Stormark og følgjer terrenget i fleire kurver vestover mot vindkraftanlegget. Vegen vert dimensjonert med ei breidde på 7 meter. Tilkomstvegen vert ikkje kopla direkte på Fylkesveg 423, men på ein veg som er regulert i samband med eit hyttefelt som skal opprettast søraust for vindkraftanlegget. Ein må inngå avtale med grunneigar/utbygger av hyttefeltet som sikrar tilkomst til fylkesvegen. Det vert etablert snuhammar i tilknytning til vindturbinane, slik at det er mogleg å snu semitrailerane som køyrer inn tårn og rotorblad. Lengda på snuhammaren ved sidan av kvar vindturbin er på 18 meter og breidda på 7 meter.

5.2 Anleggsperiode

I anleggsfasen vil det verte ein del transport med anleggsmaskinar og materialar til utbygginga. Noko av denne transporten vil vere spesialtransport med spesiell lang/tung last. Det føreligg særskilte krav til at slik transport blir følgt opp og sikkerheita vil spesielt bli ivareteken. Desse transportane vil bli gjennomførte etter instruksjon frå og i nær samarbeid med politi og vegvesen.

Trafikken på offentlig veg (Fylkesveg 423) vil ikkje blir hardt belasta sidan det berre er tre vindturbinar som skal settast opp, men det vil merkast i anleggsperioden.

Når det gjeld nye veganlegg og andre terrenginngrep i planområdet, vil skråningar bli sikra på vanlig måte.

6. KONSEKVEN SAR AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Landskap

Bygging av anleggsvegar, vindturbinar og kraftlinje/jordkabel vil ikkje røra ved areal som er i bruk eller potensielt sett kan takast i bruk til landbruksføremål (oppdyrking/skogplanting). Dette tilseier at inngrepa som utbygginga medfører er av eit ubetydelig omfang.

6.2 Landbruk

Fråværet av viktige jord- og skogressursar innanfor tiltaksområdet tilseier at inngrepa som utbygginga inneber har et ubetydelig til lite negativt omfang.

6.3 Ising/iskast

Sjølvs i januar og februar ligg månadsmiddeltemperaturen på Fedje over 2 ° C, og isdanning på rotorane vil normalt ikkje vere noko stort problem i dette området. Sjølvs om ising av rotorane og mogleg iskast vil førekome svært sjeldan, er det viktig å ha rutinar for korleis ein skal unngå ferdsel i området i periodar med minusgrader og mogleg isdanning.

6.4 Barn og unges oppvekstmiljø

Det er ikkje busetnad i planområdet eller i umiddelbar nærleik. Men det er mindre enn 1 km til dei næraste bustadane. Det er difor viktig å leggje til rette for eit sikkert vindturbinanlegg slik at ungar ikkje kan kome til å skada seg. Turbinane vil kan hende verka tiltrekkande og spennande på ungar. (Sjå også problemstillinga ang. iskast over).

6.5 Konsekvensar for fugleliv/trekkfuglar

Fedje Vindkraftanlegg er, tilliks med dei fleste andre vindkraftprosjekta langs Vestlandskysten, lokalisert innanfor ein internasjonalt viktig trekkorridor for mange artar av fugl. Kvart år passerer mange millionar trekkfugl gjennom dette området, og ein vindkraftanlegg innanfor denne trekkruta vil difor potensielt sett kunne påverke bestandar som hekkar frå Canada og Grønland i vest til Sibir i øst.

Det er spesielt fire forhold som har blitt trekt fram i samband med effekten av vindturbinar på fugl: dødelegheit som følge av kollisjonar, støy og uroing, barriereeffektar, samt øydelegging/tap av leveområde.

I Danmark er det gjennomført studium i område som ligg sentralt i ei viktig trekkroute for fugl. Med eit varmesøkjande kamera vart det gjort observasjonar utan at det vart konstatert at fuglar flaug gjennom sveipområdet for vindturbinane eller kolliderte med rotorblada (sjå utfyllande skildringar i rapporten "Miljøvurdering"). Til liks med andre danske undersøkingar vert det konkludert med at kollisjonsrisikoen er størst for fugl som trekkjer om natta.

Erfaringa frå ei rekkje eksisterande vindkraftanlegg tilseier at kollisjonsrisikoen er relativt liten, men det finst sjølvsagt unntak. Fedje Vindkraftanlegg vil truleg ha størst negative konsekvensar for lokale hekkebestandar, deriblant fleire raudlista og regionalt sjeldne artar. For artar som er så sjeldne i regional samanheng, vil tap av enkeltindivid som følgje av kollisjon med rotorblad kunne ha store konsekvensar for hekkebestandane. I tillegg vil støy og uroing vil kunne medføre at Fedjemyrane taper mykje av sin kvalitet som hekkeområde for fugl

6.6 Kulturminne og kulturmiljø

Innanfor planområdet er det ingen kjende automatisk freda, vedtaksfreda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga på øya vil i første rekkje påverke kulturminne og kulturmiljø meir visuelt. Det vil bli gjennomført såkalla §9-undersøkingar i samband med godkjenninga av reguleringsplanen. (Sjå utfyllande skildring i rapporten Miljøvurdering).

6.7 Støy

Avstanden til næraste fritidsbustad og fast busetnad er på høvesvis 980 m og 1300 m. Støykotekartet viser at støynivået ved nærmaste fritidsbustad på Stormark vil bli på ca. 36-37 dB, som er godt under SFT sine grenseverdiar for fritidsbustader og fast busetnad. Tiltaket er vurdert til å ha ubetydeleg eller liten negativ konsekvens. (Sjå utfyllande skildring i rapporten "Miljøvurdering").

Sandane, 20.november 2007



Håkon Sandvik
Vestavind Kraft AS

REGULERINGSPLAN FOR FEDJE VINDKRAFTANLEGG REGULERINGSFØRESEGNER

Det regulerte området er på plankartet vist med avgrensingslinje, og området er regulert til:

1. Landbruksområde. PBL §25.2

- Jord og skogbruk

2. Spesialområde. PBL §25.6

- Område for vindkraft
- Privat veg
- Anna spesialområde

§ 1 FØREMÅL

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utbygging av vindkraftanlegg med opptil tre vindturbinar med maksimalt 10 MW effekt og tilhørande infrastruktur (tilkomstveg) innanfor reguleringsgrensa, som vist på plankartet. Området er regulert til Landbruksområde, jord og skogbruk, samt spesialområde for vindkraftanlegg og privat veg. Føremålet er vidare å leggje nødvendige restriksjonar på areala, slik at det ikkje vert tillete tiltak som er til hinder og ulempe for vindkraftanlegget.

§ 2 LANDBRUKSOMRÅDE

Innanfor området kan det drivast tradisjonell drift av jord og skog, inkludera beiting, jakt og liknande. Jordlova sine bestemmelser gjeld. Bustader eller andre bygningar som er berekna for overnatting kan ikkje oppførast. Bygging av driftsvegar skal godkjennas av offentlege styresmakter. Tiltak som kan være til hinder eller ulempe for vindkraftanlegget vil ikkje verte tillate.

§ 3 SPESIALOMRÅDE

3.1 OMRÅDE FOR VINDKRAFT

Innafor området skal det byggjast vindturbinar og oppstillingsplass for mobilkran. Ved den endelige utforminga av vindkraftanlegget, kan plasseringa av turbinane/fundamenta og justerast når hensikta er å oppnå betre effekt av turbinane og/eller ei betre plassering støymessing og terrengmessig.

Innafor området kan det òg byggjast vegar fram til oppstillingsplassane for mobilkran ved turbinfundamenta. Slike vegar skal byggjast med minst mogleg terrenginngrep.

Oppstillingsplass for mobilkran for montering og vedlikehald av turbinane skal utformast med minst mogleg terrenginngrep. Tårna til vindturbinane skal fortrinnsvis fundamentast ved forankringsboltar i fjell for å minske omfanget av fundamenta og minske behovet for transport inn til vindkraftanlegget.

Innafor reguleringsområdet er det forbode med tiltak som kan vere til hinder eller ulempe for bruk av området til vindkraftproduksjon: Dette gjeld òg aktivitetar og tiltak som kan redusere kraftproduksjonen. Jordlova §§ 9 og 12, jfr. §2 i same lov, skal gjelde der den ikkje kjem i konflikt med føremålet i planen.

3.1.1 Vindturbinar

Utforming:

Det skal leggjast vekt på å gje vindkraftanlegget eit heilskapleg og harmonisk preg. Alle vindturbinar skal ha same farge og felles rotasjonsretning. Navhøgde og rotordiameter kan vere inntil 100 m.

Justeringar:

Terrengforhold, produksjonsmessige forhold og eventuelle funn av fornminne kan medføre mindre avvik i plasseringa av vindturbinane og tilhøyrande vegar i forhold til den illustrasjonsmessige plasseringa av vindturbinane som er vist på plankartet.

Støy:

Støynivået frå vindkraftanlegget mot omkringliggjande bustader skal vere i samsvar med gjeldande tilrådde grenseverdier ved etablering av nye vindkraftverk.

Ev. nedlegging:

Ved utløp av konsesjonsperiode eller dersom vindturbinane av annan grunn vert tekne ut av drift på permanent basis, skal det lagast ein plan for å fjerne alle tekniske innretningar og i størst mogleg grad tilbakeføre områda til naturtilstanden, jfr § 3.4 i Energilova si forskrift. Det er ikkje nødvendig å fjerne den delen av fundament og kablar som ligg under bakkenivå.

3.1.2 Midlertidige anlegg

Riggområde kan etablerast innafor planområdet. Plasseringa skal vere i nærleiken av området for servicebygg.

Det er òg tillate med mellomlagring av massar og massedeponi innafor planområdet. Plassering av massar må skje på eigna stader og ikkje i nærleiken av viktige myrområde.

Område som er brukt til mellomlagring, massedeponi og riggområde skal etter avslutta anleggsarbeid ryddast og i størst mogleg grad tilbakeførast til naturtilstanden.

3.1.3 Bygningar (transformatorstasjon, servicebygg)

Oppføring av ein transformatorstasjon er tillate. Det skal leggjast vekt på estetikk og landskapstilpassing ved utforming av bygningane.

3.2 PRIVAT VEG

Vegen skal vere anleggs- og driftsveg for vindkraftanlegget og skal vere stengt for allmenn motorisert ferdsel. Rettshavarar og grunneigarar kan bruke vegen etter nærmare avtale med utbyggjar og kommunen. Der vegen sluttar i aust, skal den koplast på ein privat veg for eit regulert hyttefelt. Denne vegen er ikkje lagt inn på reguleringsplanen, men er vedteken i ein anna reguleringsplan (plan for Stormark).

Utforming:

Ved detaljplanlegging av vegane, skal det leggjast vekt på tilpassing til terrenget for å minimalisere inngrepet i landskapet. Vegar og grøfter skal planleggjast med tanke på å unngå å drenere myrane i området. Veganlegga skal utformast med maksimalt 7 m køyrebane. I tillegg kjem nødvendig breiddeutviding i kryss og kurver. Det skal leggjast til rette for naturleg revegetering av vegskråningar (skjeringar og fyllingar). Endelig godkjenning av veganlegga skal skje gjennom eigen byggemelding for desse tiltaka.

Justeringar:

I samband med detaljprosjektering kan vegtraseen justerast for å oppnå ei betre tilpassing til terrenget.

Frisikt:

Ved tilkopling til offentleg veg skal det opparbeidast frisikt iht Statens vegvesen sine gjeldande vegnormalar. Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt i 0,5 m høgde over nivået på tilstøytande vegar.

3.3 ANNA SPESIALOMRÅDE

Det skal setjast av ei sone på inntil to meter på begge sidene av vegen. Denne sona skal nyttast til breiddeutviding i samband med anleggstrafikk inn og ut frå vindmøllane, samt til naudsynt skjering og fylling langs vegen.

3.4 FUGLE- OG DYRELIV

Det skal ikkje utførast anleggsarbeid og liknande i månadene april, mai og juni som kan verke forstyrrande på hekkande, sårbare fugleartar i området, jf. særleg omsyn til raudlisteartar. Anleggs- og driftsarbeid skal elles utførast på ein slik måte at ulempe for fugle- og dyrelivet blir minimalisert.

3 5 UTBYGGINGSPLAN

Det skal utarbeidast utbyggingsplan for tiltaket der turbinpunkt og internvegar vert fastsett. Før utbyggingsplanen vert godkjent, skal forholdet til automatisk freda kulturminne vere avklart, jf. lov om kulturminne §§ 8, 9 og 10. Endeleg plassering av turbinar og internvegar skal ta omsyn til eventuelle funn av kulturminne.